

## Bedriftsbesøk i Rotary:

# Frå strømpedefabrikk til konferansesenter

Konfeksjonsindustrien sitt fall på 1970-talet var grunnlaget for det som i dag er høgstandard konferansesenter på Strømpeneset i Ørsta. Grunnleggjaren Oscar Øvstegård, som bygde fabrikkene i 1939, måtte sjå forfallet i mange år. No har barnebarnet skapt ny aktivitet i den gamle strømpedefabrikk.

Strømpeneset konferansesenter er nettopp ferdigstilt, og primus motor for anlegget, Lars Oscar Fossen, var synleg stolt då han kunne vise anlegget til Ørsta Rotaryklubb. Det var tydeleg at også rotarymedlemmene vart imponert over det barnebarnet til den gamle strømpeproduzenten Oscar Øvstegård har fått til siste åra.

Fossen gav eit attersyn heilt tilbake til då Oscar Øvstegård bygde strømpedefabrikk sin i 1939, det som på folkemunne vert kalla Strømpeneset. Der vart dei eksklusive damestrømpene "Figuretti" produsert fram til 1970 då konfeksjonsindustrien måtte leggje ned.

Etter mange år med forfall har fabrikkene no gjennomgått ein «extreme makeover» av dei sjeldne. Takka vere leige kontraktane med Ørsta Marina Systems, og deretter SafeRoad, har Fossen klargjort bit for bit av den gamle fabrikkene. No framstår Strømpeneset som eit makelaust bygg i topp stand; entusiastisk styrt av barnebarnet til grunnleggjaren.

Rotarypresident Thor Arne Sørheim sparte heller ikkje på superlativa etter omvisinga i det som no framstår som høgstandard kontorlokale og konferansesenter.

– Vi treng slike gründerar som Fossen, som torer å skape og bygge noko for lokalsamfunnet.

Far min og bestefaren min ønske meir enn noko anna at Strømpeneset skulle få nytt liv. Eg trur dei ville ha vore fornøgdde no, smiler Lars Oscar.

Besøket på Strømpeneset konferansesenter er ein del av bedriftsbesøka som Ørsta Rotaryklubb gjennomfører i år.



*Ein stolt og entusiastisk bedriftseigar, Lars Oscar Fossen, viste fram det moderne konferansesenteret til medlemmene i Ørsta Rotaryklubb.*

**Frisør**  
Ope 9–18 (16)

**Fasa'den** frisør & parfymeri  
dame & herre

ØRSTA TORG  
6150 ØRSTA – TLF. 70 06 79 12

  
**ØRSTA BIL AS**  
[www.orstabil.no](http://www.orstabil.no)  
Tlf. 70 04 92 00

**Montering av vedovner**



Vi monterer ditt nye ildsted til avtalt pris

Countura 510  
ord. 14.900,-  
No **11.900,-**

**MALIA**  
Gode råd - gode kjøp!

Tlf. 70 04 75 30